# Kyrkjetonar



Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn    Nr. 4/2022 - 64. årgang

*Jul, jul, strålande jul*
*Glans øve kvite skoga*
*Glitrande stjerner, på orgelets brus*
*Klokker som kalle frå Guds hus*
*Salma som frir seg frå tid og sted*
*Evige lengsel til liv i fred*

*Jul, jul, strålande jul*
*Glans øve kvite skoga*
*Kom, kom, strålande jul*
*Senk dine kvite vingar*
*Øve soldaten sin blodige arm*
*Øve kvart sukk i frå eit menneskebarn*
*Øve dei gamle som går til ro*
*Øve den unge som bygge seg bo*
*Kom, kom, strålande jul*
*Senk dine kvite vingar*

*tekst: G. Nordquist/omsett: R. Eriksen*

**Framsidebiletet:**
***Julekrybbe i lego***
*les meir på side 5*
*foto: Kristian Jørgensen*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og Liv Jorunn Frønsdal

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
**VIPPS-nummer: 523083**
Frivillig kontigent: kr. 200,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft





## Det er plass til deg!

*redaktørens hjørne*

Med eit snaut år til valdagen, er kyrkja godt i gang med å planlegga Kyrkjevalet 2023.

Fyrste jobb for sokneråda er å danna nominasjonskomitéar og byrja leitinga etter gode kandidatar.

Det er mange som er glade og engasjerte i kyrkja. Kanskje er det din tur til å melda deg til å stå på vallista, eller seia "ja" når nominasjonskomitéen spør?

Når nominasjonskomitéen spør deg om å stilla, er det fordi dei har tru på at du kan gjera ein god jobb - det er ei tillitserklæring å verta spurt!

Sokneråda treng både dei som vil bidra med praktiske oppgåver og dei som vil bidra med gode meiningar ved styrebordet.

Kyrkjevalet skjer samstundes med kommune- og fylkestingsvalet. Vallokala vil vera i nærleiken av kvarandre.

Samstundes med valet av lokale sokneråd, er det også val til bispedømmeråd.

*Kyrkjetonar vil i dei neste utgåvene presentera dei ulike kandidatane og den praktiske gjennomføringa av valet*

*Vil du ha eit godt råd?*
*Still til soknerådsval!*

*Ståle Hustoft*
*Redaksjonen avslutta 20. november*

**Her kan du betale med vipps**

**523083**
Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den *frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083*


**Kyrkja i Tysvær og Bokn**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon: 476 41 868**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og fredag, kl. 10 - 14

**Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn**
**Tor Egil Eriksen**
Mobiltelefon: 404 00 686

**Sokneprest Nedstrand sokn**
**Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Sokneprest Førresfjorden sokn**
**Gjermund Lygre**
Mobiltelefon: 934 93 520

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**

**Diakon Synnøve Svensson Haakonseth**

**Ungdomsdiakon Lisbeth Skilhagen Haaheim**

**Menighetspedagog Hjørdis Kristina Støle**

**Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide**

**Menighetspedagog Kari Undheim**

**Organistar**
**Johannes Støle**
**Steinar Alvsaker**
**Bergfrid Seibt**

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Eva Birkeland**
Mobiltelefon: 950 51 038
**Bokn kommune: Jan Magne Moi**
Mobiltelefon: 913 59 668

**Administrasjonssekretær**
**Katrine Eide**

**Kyrkjetenarar**
**Odd Grønnestad:** *900 71 868*
**Gunn Elisabeth H. Ertenstein***: 976 18 216*
**Eva Keller:** *936 75 972*
**Steinar Sælevik:** 404 84 981




# Minner med mening

*tekst: Elisabet Sande/ foto: Janne I. Eide*



*God prat rundt festpynta bord på Soknatun.*

**Den 4.november hadde vi kvinneforeningane for NMS (Det norske misjonsselskap) på Stranda og Hinderåvåg invitert til "Rundt same bord" - kvinner hjelper kvinner. Lenge sidan sist vi arrangerte det, av ymse grunnar, og koronaen sette og ein stoppar for oss.**

Men nå fekk vi det til. Vi dekka bord til 51 påmelde damer på Soknatun, og menyen var:
**Forrett:**
*Salat med steikt klippfiskloins*
**Hovedrett:**
*Couscous, kylling og peanøttsaus*
**Dessert:**
*Tilslørte kjøkkendrenger & mørk sjokolade.*

Prosjektet for 2022 var førebygging av vold mot kvinner i tre afrikanske land. Emily Phuti Mogase fortalde og Evy Torunn Nyvoll oversette til norsk. Vi fekk sjå ein video av forholda som ho fortalde om, og jobba for at skulle bli betre. På videoen var bilder av ei dame som bar ungen sin på ryggen og varene på hovudet, og mannen gjekk på sida av henne og drakk.

Dei som jobba med prosjektet heldt kurs for biskopane slik at dei kunne påvirke menighetane og bringe haldningane vidare. Kvinnene tok ansvar i familien, men fekk ofte slag og mishandling. Skilsmisse var ikkje akseptert.

Så hadde ho med musikk på CD og etter afrikanske rytmer så fekk ho heile forsamlinga med på å røra seg og danse etter musikken.
Vi hadde åresalg og lodda ut mange flotte gevinstar.Jorunn S. Baustad og Ingrid H. Landro framførte bl.a. den vakre "Gabriellas song".
Kokken og medhjelperane/ servitørane sponsa utgiftene til maten. Så i alt fekk vi inn kr 27.552.- som går til arbeidet Emily Pluti Mogase står i og arbeider for, gjennom NMS, i tre afrikanske land; Etiopia, Kamerun og Magagaskar.

Vi song saman til slutt "Tenn lys" av Eivind Skeie, og vers 5 er svært aktuelt i dag.

*Tenn lys for livets rikdom,*
*for vatn, luft og jord.*
*Tenn lys for fred og venskap,*
*kvar syster og kvar bror.*
*Må ingen verta redde og*
*mangla heim og brød,*
*Tenn lys og håp i verda,*
*mot fattigdom og nød.*





*Presten vår, Dag Tormod Milje var kokk og hadde med seg flinke servitørar frå bygda vår.*


● ***Les portrettintervju med Phuti Mogase på side 6 - 8*** ●

på kyrkjebakken

# “Han vil skapa liv der natt og mørke bur”

*av Biskop Anne Lise Ådnøy*

**Advent er tida for å tenna lys og gleda seg over små ting, og for å undra seg over store spørsmål.**

Kvifor feirar me Jesu fødsel? Kvifor blei Gud menneske? Det heng tett saman med Gud sin plan om frelse. Hjå salmediktaren er det sagt så enkelt:

*«Fra krybben til korset gikk veien for deg,*
*slik åpnet du porten til himlen for meg.»*
*(Salmeboka nr. 56)*

Mysteriet i jula handlar om han som delte våre kår, heilt inn i døden. Me går aldri åleine gjennom ei vanskeleg, forvirrande og urettvis verd. Heller ikkje i førjulstida i 2022.

Me har kyrkjer fordi Jesus lever og kjem til oss i dag. Mange kan sakna eit språk for trua. Kyrkjerommet tar imot den trua som ikkje blir uttalt, uansett om ho er stor eller lita. Kyrkjerommet er trygt å vera i.

Samtidig har jula ein urovekkjande bodskap. Bodskapen held saman kontrastar, for midt i gleda ligg utfordringa. Jesus kjem til oss i dag. Han kjem som flyktning, som uteliggjar, som einsame gamle, som ungar med dårleg råd i eit rikt samfunn, som ungdom med klimaangst. Jesus identifiserer seg med sine minste i dag.

Den lidande og medlidande Kristus er til stades i juleevangeliet. Me høyrer om dei som ikkje fann husrom nokon stad, men måtte gjennomgå ein fødsel mellom dyr i ein stall. Josef og hans Maria måtte skrivast i manntalet for å betala skatt til ein keisar som levde i ubeskriveleg luksus.

I dei fyrste århundra av kyrkjehistoria var biletet av Jesus som regel ikkje den lidande. Han var «Christus Victor», han trona på korset som sigerherre over død og synd og djevel. Ytre sett er fødselen fattigsleg, men det stråler eit lys og eit håp frå Jesusbarnet og ut til jordas ender.

*Kristus lever, han har seiret; evig lever vi med ham.*
*Han er her og han vil skape liv der natt og mørke bor.*
*Kristus lever, vi skal bære Herrens seierstegn på jord.*
*(Salmeboka nr. 214)*

**Eg ønsker deg ei velsigna juletid!**



# Gratulerer til diakon Synnøve Svensson Haakonseth

**Ved ei festgudsteneste i Aksdal kyrkje, 9. oktober vart Synnøve Svensson Haakonseth vigsla til diakon av biskop Anne Lise Ådnøy.**

**Me gratulerer og ynskjer Guds signing over tenesta som diakon.**





*foto: privat/kyrkja*





# Julekrybbe i lego

*tekst og bilder: Kristian Jørgensen*

*- Det skjedde i de dager, at Jesus ble svøpt i en Ninjagomaske*

**Jeg vil starte med en oppfordring – ta leken i jula tilbake! Og hva er vel da mer naturlig enn å bygge en legoby og plassere på hedersplassen i huset?**

De siste fem årene har vi hatt en tradisjon i huset om å bygge juleby i lego. Den har komt frem i starten av adventstiden, og står fremme til julepynten pakkes ned. Etter hvert har dette blitt en tradisjon, hvor byen steg for steg har vokst seg stadig større etter som at nye byggverk og kjøretøyer har blitt ferdig. Et skikkelig blikkfang, opplyst av led-lys og glorete i all sin prakt.

En juleby i lego er å pynte til jul på barnas premisser. For det er ikke slik at denne byen kun skal stå til pynt uten å kunne røres. Nei, en juleby i lego skal lekes med! Små hender flytter daglig på de ulike elementene, og nye historier og minner skapes hver dag. For oss voksne er det spennende å se kreativiteten som utfolder seg. Julenissen nødlander med sleden i byens store juletre, de tre vise menn er på veg med gaver til den nyfødte Jesus, men dessverre sporer toget de bruker for å komme frem, av på vegen.

Far i huset minnes fortsatt med skrekk når Paw Patrol figurene til minstemann hadde forvilla seg inn i julebyen en tidlig morgen før resten av familien hadde komt seg på beina og Rubble sin buldoser hadde kjørt gjennom julegaten.. Det ble en massakre i plastikkdeler spredd rundt omkring.. Men det er lego, det kan bygges sammen igjen, og kanskje på en enda mer spennende måte?!





**Julekrybbe i lego – julebyens naturlige midtpunkt**

Lego lager ikke egne julekrybbesett, så det må en bygge selv etter egen fantasi.  Og en krybbe trenger ikke å være så veldig avansert. Her kommer noen enkle oppskrifter på hvordan du kan bygge din egen krybbe, med Jesusbarnet svøpt i en Ninjagomaske. Noen sauer kan du også bygge. Stallen kan du bygge opp av deler du har liggende, etter fri fantasi – og om en må ta hele regnbuens farger til hjelp for å få nok deler, så blir det flott likevel.

Så er det bare å leite gjennom legofigurene etter et ansikt som kan passe Josef, hår som kan passe til Maria osv. Og etterpå kan du kanskje bygge en hest, eller ei ku, et juletre eller kanskje et lite hus med snø på taket? Kun fantasien setter grenser, og står du fast spør du barna om råd – de vet best!

Og nå er du plutselig i gang med din egen juleby, så nå er det bare å fortsette med å bygge ut byen, steg for steg, år for år!

**Lykke til!**



# Dei usynlege

av Helene Reite Uglem

**Å kaste ei sjøstjerne på havet er vegen å gå om Sør–Afrika skal komme på rett kjøl, trur Phuti Mugase.**

Phuti prøvde å gjere seg usynleg. Som foreldra, og deira foreldre, gjorde. Familien kjenner ikkje til noko anna enn at kvar dag byrjar med å huske passet. Så går dei på skule, jobb, butikken og skundar seg heim før det er for seint. Kanskje kjem ein jungeltelegraf med melding om at nokon er på veg. For dei med same hudfarge som Phuti er skyteskiver for unge, kvite menn i førstegongsteneste. Dei treff blink. Gong på gong.

**Dette intervjuet er henta frå Misjonstidene nr 3/22. Trykt med tillatelse.**

Phuti lærer at 2 + 2 = 4. Men meir treng ein ikkje når ein uansett skal ende opp som «girl», heilt til håra vert grå og du eigentleg er altfor gammal til å bli kalla jente. Skulen er til for å lære deg å underkaste deg og tene som «girl» for ei kvit «miss».
Barndommen er full av skilt som ropar «berre for kvite» og portar som stenger klokka seks. Ikkje stå for mange saman. Ikkje sei feil ting. Du skal ha god husk for å ikkje trø feil. Så det er best å vere usynleg. Kvite vil ha kvite naboar, med mindre du trengs som billeg arbeidskraft i ei gruve, ein hage, på eit kjøkken eller som spion.

Men i barndomsheimen i Transvaal, som heiter Pretoria i dag, lærer Phuti også dette: Vi har eit våpen vi óg. Det heiter bøn, og ikkje bitterheit. Gud har kontroll. Han har alltid det. Berre vent og sjå. Men Phuti ventar framleis på rettferd i Sør–Afrika.

**Dei skyt barna**
Studentopprøret i Soweto er eit sterkt barndomsminne, byrjar Phuti, som då var rundt 10 år. Skulejenta ana fred og inga fare denne junidagen i 1976. Men jungeltelegrafen nådde henne, faren og dei fem brørne, der dei budde 100 kilometer unna massakren.

- Det var eigentleg ein varsam protest. For kor farleg er det med skulebarn utan våpen som vil lære det same som dei kvite, slik dei gjorde før i tida. Men politiet skaut. Barna forsøkte å forsvare seg med å kaste stein, men over 100 døydde og 1000 vart skada. Dei var barn, fortel Phuti.



Bileta frå aviser og nyheiter brenn seg fast i henne.
- Ein blir ikkje vand med ein slik kvardag, sjølv om både eg og familien er fødde inn i ein raseskild stat. Det var slik det var, men det gjer det ikkje mindre vondt, legg ho til.

Året før hadde også Phuti mista nokon som stod henne nær. Mora hadde vore sjuk ei stund, og dei visste det kom. På bordet i rommet på sjukehuset låg ein oppslått bibel, hugsar Phuti. Det var som om den drog henne til seg. Då mora trakk sitt siste sukk, klamra ho seg fast i den.

- Ho var ein fantastisk person. Likevel trur eg ingen kunne sjå på meg at eg hadde mista mor mi, seier Phuti litt undrande.

- Eg ønska meg ein eigen bibel då eg var ni år. Og det fekk eg. Forholdet mitt til Gud vart så viktig. Han fylte noko av tomrommet etter henne.

Phuti vaks opp i ein luthersk heim. Faren, som hadde klart å kara til seg sin eigen restaurant–business, forsørga Phuti og dei fem brørne, i tillegg til å vere diakon i kyrkja. Og hans ukuelege motto var: Gud har kontroll. Ei tante stilte opp, men elles hadde ikkje Phuti mange kvinner i livet sitt. Ho må smile.

- Kanskje er det oppveksten med fem brør som har gjort meg så oppteken av kjønnsperspektiv og kvinners rettar i dag, seier Phuti som i dag jobbar med denne tematikken i NMS.

**Raselovene**
Raselovene kom i 1948, men Sør–Afrika var ein rasedelt stat lenge før det: Som koloni frå 1910, og jordlova av 1913 som ga nederlendarar og britar 87 prosent av jorda, trass i at dei berre utgjorde tre millionar av dei 15 millionar innbyggarane i landet.

- Men for nederlendarane var det ikkje nok med all denne jorda. Dei hadde ein tanke om at dei var ein utvald rase og at svarte skulle tene dei. Nasjonalistpartiet deira vann valet i 1948 og innførte apartheid. Dei frykta politiske vindar etter 2. verdskrig skulle føre til at svarte gjorde opprør. Vi var ein trugsel, forklarer Phuti.

Så då ho kom til verda i Transvaal i 1966, vart Phuti ein del av eit raseregister. Eit avansert system som vart laga ved å ta prøver av blod og hår for å plassere folk i sine båsar. Men kjærleik oppstod på tvers av båsar, så stadig vart folk omplasserte.

- Svarte vart plassert i ulike «bantustans», områder som var definert som svart jord. Utan pass kunne du ikkje gå utanfor ditt område. Det var strenge port-forbod. På kino, restaurantar, idrettsplassar og strender stod det skilt som sa «berre for kvite». Braut du ei av dei mange lovene, kunne du bli piska, arrestert eller i verste fall drepen.

*– Kjende du mange som vart straffa?*
Ho vert stille, og det er som om ho ikkje forstår spørsmålet. For sjølvsagt gjer ho det. Kor skal ho byrje? Ho skulle mellom anna miste ein svoger.

**Rasedelt skule**
Også skulane vart delt opp etter rasar. Dei lærte ikkje det same som kvite. Det vart ei utfordring for nyfikne Phuti. «Kva var kvadratrot? Kva betyr X?»
«Det finn du ut når du blir vaksen. Ikkje prøv å vere smart. Sett deg ned!», måtte læraren svare. For heller ikkje han hadde lært meir enn 2+2. Hans jobb var å lære opp framtidige «girls» og hage-arbeidarar. Det viktigaste å lære var dette: Å innfinne seg. Ein mentalitet som sit i folk endå. Men aldri hos Phuti. Ho hadde ein draum. Den vart sådd då ho fekk Bibelen som 9–åring, og den handla ikkje om å tene «miss ditt og datt». Ho skulle tene Gud.

- Men på denne tida tilsette ikkje kyrkjene kvinner, så eg flytta til Cape Town for å ta ein bachelor i bibelstudiar. Her fekk eg nyss i at det gjekk an å bli misjonær. Kanskje det var det som var mitt kall i livet?

For å ha noko å falle tilbake på, fortsette ho å studere og får jobb som akademisk koordinator på universitetet i Cape Town. Her møter ho mannen sin.

**Aleinemor**
Phuti giftar seg med advokaten. Og det er på denne tida ho opplev at apartheidregimet tek frå henne ein familiemedlem. For ho gløymer aldri då dei gravla ektemannens bror midt på natta. Svogeren hadde engasjert seg politisk, og måtte bøte med livet for det. Med naud og neppe får dei sikra seg kroppen hans, og i nattas mulm og mørke lyse fred over hans minne.

- Det kunne gått like ille med mannen min også ein gong, fortel Phuti.

Han hadde delteke i ein protest då jungeltelegrafen nådde han. Politiet var på veg, sa rykta, og han fekk sett seg i ein bil og rømt til Cape Town. Her starta han eit nytt liv og møtte Phuti.
Så går det gale likevel. Men ikkje på grunn av ein protest.

- Det var ei bilulukke. I ettertid fekk vi vite at den var orkestrert, fortel Phuti.

Mannen hadde hatt ei vanskeleg sak på sitt advokatbord. No står ei 25 år gammal aleinemor att med to små jenter; ein baby og ein fireåring.

**Det er ikkje over**
Apartheidregimet vart avslutta i 1994. I alle fall i teorien. Motstanden hadde kome frå fleire grupper, som til dømes ANC og Nelson Mandela. Også internasjonalt utvikla det seg motstandsrørsler. I Noreg vart kyrkjesamfunn, fagrørsler, bistandsorganisasjonar og den norske regjeringa engasjert. Apartheidstaten gjekk i oppløysing etter at president Frederik W. de Klerk i 1990 sette alle politiske fangar fri, legaliserte opposisjonsparti og oppløyste fleire apartheidlover. I 1994 vart Mandela landets første demokratisk valde president.

- Etterspelet og oppgjeret klarte ikkje å ta knekken på alt. Systemet lever framleis i form av skeivt fordelte økonomiske ressursar, levestandard, arbeid og utdanning som følger dei gamle rase-kategoriane. Vi fekk politisk, men ikkje økonomisk fridom, påpeiker Phuti.

Ho har framleis familie i Pretoria som ser det kvar dag: Bønder som får alkohol som takk for dagens strev. Det har skapt alkohol-isme, brotne familieband og vald i heimane. Kvinner tenestegjer for kvite dag og natt, men tener knapt 800 kroner i månaden.

- Hurt people hurt, seier Phuti og sukkar.

- Etter så mange år med undertrykking. Mentaliteten av mindreverd lever i beste velgåande. Såra, og verknadane av dei, går utover så mykje.

Kanskje var det denne mentaliteten Desmond Tutu ville til livs då han snakka om den afrikanske legenda, om ørna som hadde vakse opp blant kyllingar. Den måtte lære seg at den eigentleg var skapt til å fly. «Fly, ørn, fly,» oppmuntra han. For alt ligg til rette i ei gullgruve av eit land, både når det gjeld talent og naturressursar.

- Men det er som om eit tungt teppe ligg over landet. Folk er ikkje vande med å starte business, for det har jo vore ulovleg så lenge. Folk ventar på å bli tilsett, for det er det dei «kan», og hamnar i lågt betala jobbar. Utdanningssektoren manglar dyktige lærarar fordi flinke folk tek jobb hjå selskap som betalar betre, fortel Phuti.

Og om ei ørn flyr over landet, vil den sjå det skarpe skiljet mellom fattig og rik, reint fysisk: Slum, dyre hus og store hagar, side om side. Men alt håp er ikkje ute, trur Phuti og serverer ei historie som ikkje handlar om ørn, men om tusenvis av sjøstjerner som er skylt på land:

- Ei lita jente plukkar dei opp, ei etter ei, og kastar dei tilbake til havet. Ein gammal mann spør kvifor ho kastar bort tida si på dette? Ho svarer: Eg kan ikkje hjelpe alle, men for denne eine sjøstjerna betyr det alt. Også for meg gjer det godt å hjelpe.

**Misjonærdraumen**
Etter 12 år som koordinator er jentene større, sorga etter mannen lettare å bere, og den gamle misjonærdraumen dukkar opp igjen.

- Kort fortalt ende eg opp på eit universitet i Edinburgh, der eg skulle skrive ein PHD om kvinna si rolle i koloniale, maskuline og religiøse miljø, noko eg såg som ei førebuing på ei eller anna teneste, fortel ho.

Og midt i alt dette, møter ho han som er mannen hennar i dag. Han får jobb på VID, og det er altså slik ho ender opp her, i Stavanger, der den første norske misjonæren drog til Sør–Afrika i 1842.

- Det hadde eg ikkje tenkt skulle skje, seier Phuti og ler.

- Men då eg såg den ledige stillinga, kjendest det som om Gud leia meg. Og det var som å komme heim.

*- Korleis då?*

- Misjonærane frå NMS var blant dei første i Sør–Afrika. Dei kom med evangeliet til landet mitt, og no kan eg bidra i det arbeidet som starta i mitt heimland for 180 år sidan, svarer ho.

Sirkelen er altså slutta, men ikkje avslutta.
- I gamledagar gjekk arbeidet ein veg, frå hjelpar til mottakar. I dag er det eit partnarskap, eit samarbeid mellom NMS og partnarorganisasjonane. Eit samarbeid der begge gir og får, som ein sirkel som veks og nye prosjekt kjem til. Og det heile startar med at alle har eit talent. Alle gjer det vesle dei kan. Det er slik misjon er meint å vere.

## Småglimt frå KyrkjeNÆR

**Bilete frå Lys vaken på Bokn, 18.-19. november.** Det blei fleire timars søvn for 11-åringane som sov i kyrkja, og fin adventsfest på bedhuset om kvelden.






# Det er lys der jeg går

*tekst: Bjørg Rørtveit/ foto: Åse-Berit Apeland Rolland*

**Det er etterkvart lang tradisjon for at Nedstrand kyrkjeforum og bLEST Litteraturfest samarbeider om eit arrangement i kyrkja under festivalen. I år skjedde dette for 10.gong,- og i år var me så heldige å få Eyvind Skeie på besøk.**



*Arne Jon Myskja (t.v.) i samtale med Eyvind Skeie.*

Ein produktiv og folkekjær prest og forfattar, som dei fleste kjenner til på ein eller anna måte. Kanskje utan å vere klar over det - enten det er via salmer, bøker eller tv-program. For denne mannen har registrert 1500 salmer i TONO, (over 30 av dei er med i salmeboka).

Han har gitt ut mange, mange bøker, for både barn og vaksne, og han har skapt barneprogram som "Portveien 2" og "Sesam stasjon." Han har skrive musikalen "Visst skal våren komme," og han har også eit stort engasjement for forfulgte kristne, ma. i Egypt. Med andre ord ei svært stor spennvidde, og eit imponerande livsverk.

I kyrkja var det veksling mellom song av Skeie sine salmer, intervju og foredrag. Programleiar for kvelden, Arne Jon Myskja, knytta alt dette saman på ein strålande måte, og Inger Marie Myge, (song) Daniel Dossev (saxofon) og organist Steinar Alvsaker gav oss fantastiske musikalske øyeblikk som løfta salmene på ein flott måte.

Til avslutning, og på veg inn i adventstida fekk me med oss ein vakker imrpovisert versjon av Tenn Lys, - ein av Skeie sine mest kjente salmer. Kanskje akkurat den du syng når du tenner adventslyset?

Ein liten kuriositet: Den songen har eit 5.vers som Skeie skreiv etter oppfordring frå Kirkens Nødhjelp i 2016. Dette er ikkje med i salmeboka,- men meir aktuelt enn nokon gong,- og her får du det:

*Tenn lys for livets rikdom, for vatn, luft og jord.*
*Tenn lys for fred og venskap, kvar syster og kvar bror.*
*Må ingen verta redde og mangle heim og brød.*
*Tenn lys og håp i verda mot fattigdom og nød.*

# Stallen ved kyrkja

*tekst: Dag Tormod Milje/foto: Ståle Hustoft*

**Eit sikkert teikn på at kyrkja er i rute til jul ser folk når stallen og stjerna er på plass ved Nedstrand kyrkje.**

I tida fram til julafta vil ein kunne følgje med på at det stadig kjem nye personar og figurar i stallen. Dei skapar forventning og hjelper oss å glede oss til julekvelden og den store feiringa.

I år som tidlegare år vil det vere korte samlingar ved stallen kvar sundag kl 17.00. Samlingane passar for både små barn og tilårskomne som opnar opp for barnet i seg, og som har lyst å undre seg over denne utruelege forteljinga om teikn, folk på leit, om det som er vanskeleg å forstå; nå som då.

Det gir ein ekstra dimensjon til advent når vi står ute under stjerna – utan verforbehold - og syng "Tenn lys" og "Blomst av fred og glede" og høyrer og ser forteljinga om det som skjedde då Jesus vart fødd.

**Vel møtt søndager kl 17.00**



*Stallen blir kjørt på plass framfor Nedstrand kyrkje*

# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: medarbeidarane i KyrkjeNÆR*



## Småglimt frå KyrkjeNÆR - hausten 2022

1 & 2: Hausttakkefest i Aksdal kyrkje (2. klasse)
3: Undretur i Skjoldastraumen kyrkje (3 år)
4: Undretur i Nedstrand kyrkje (3 år)
5: Samling på Tveit VGS før hausttakkefest (2. klasse)
6: Hausttakkesamling på Stemnestaden (2. klasse)
7: Samling med barnebibel i Førresfjorden. (4 år)
8: Samling i Førresfjorden (2. klasse)
9: Samling med Ingeborg frå Søndagskulen. (2. kl.)
10: Nedstrand kyrkje pynta til hausttakkefest.






**7. klassetreff «Min digitale verden»**
Ein flott og viktig kveld for 66 sjuendeklassingar og rundt 30 foreldre!
Foredrag ved Alexis Lundh, pizza, klubbaktiviteter og foreldreforedrag – om viktige og engasjerende tema rundt «Min digitale verden»!!

kyrkje nær I TYSVÆR

# Småglimt frå KyrkjeNÆR - hausten 2022

**1 & 2:** Hausttakkesamling hos Sigrunn og Arne Hosaas på Bokn.
**3:** Hausttakkefest i Bokn kyrkje
**4:** Som alltid hadde Bygdekvinnelaget pynta til hausttakkefest i Tysvær kyrkje.






















**5:** Hobbyaktivitet på hausttakkesamling på Tysvær Soknehus.
**6:** 9. november var det 4-årssamling i Bokn kyrkje. I løpet av ein drøy time blei det tid til samlingsstund, song og mat. 4-åringane laga også bokmerke til Barnebibelen som dei skal få 20.november.
**7:** Det smakar godt med formiddagsmat etter ei fin songstund på babysong i Tysværvåg.



**8:** Undretur for 3-åringar i Bokn kyrkje
**9:** Undretur for 3-åringar i Tysvær kyrkje











**Bilder til venstre og under:**
Frå Misjonsdagen på Stemnestaden 19. september. På skulen sin planleggingsdag inviterte Kyrkjenær 4.klassingar frå Bokn og heile Tysvær til aktivitetsdag på Stemnestaden. Bildene er frå dei ulike altivitetane: Padling, forming og Malilandsby.





kyrkje nær I TYSVÆR

# Høyt tempo i gymsalen

*tekst: Kørner Høie/ foto: Karina Ramstad og Kørner Høie*



*foto: Kørner Høie*

**Alle barn skal få høre bibelfortellingene!**

På Førland klarer vi ikke å samle alle barn, men i går (13. november) var det 16 barn som kom. Vi har tre konfirmanter som hjelper oss. Vi har noen hjelpe-ledere i tillegg. Så kommer noen foreldre, en bestefar eller to, og en oldemor med sine tre oldebarn.

Akkurat nå er vi tre voksne ledere, og en bussjåfør som sørger for god mat. I går hadde vi varme pizzaboller.

I mange år var søndagsskolen på bedehuset. Nå har vi solgt det. I to år har vi vært ute. Vi har prøvd både plussgrader og minusgrader. Alltid med fyr i bålpanna.

Vi hadde planlegging tidlig i høst. Jeg spurte konfirmantene: Hvordan skal vi få flere barn med på søndagsskolen? Da svarte Cecelia kjapt: "Gymsalen! Da vi gikk i barnehagen elsket vi gymsalen."

Nå prøver vi det. Vi kan ha det stille når vi synger, forteller og deler ut på klistremerker, men det er høyt tempo når vi har "Stiv heks" eller "Haien kommer". Så er det rolig igjen når vi spiser, drikker og synger velsignelsen.

I desember flytter vi igjen. Da har Nathalie og Runar invitert oss til grøt på låven. Og hvor er vel mer naturlig å høre juleevangeliet ? Vi nærmer oss stallen med halm og høy og barnet som ble vår Frelser.







## KickOff i Tysvær sokn

18.september var det Kick off for barne-arbeidet i Tysvær sokn. Arrangementet var like ved Tysvær soknehus, på det fine uteområdet til skulen.

Først var det familiemøte med dramastykke og sang av barnekoret. Etterpå var det full aktivitet med zipline, sykkelløype, bamsesjukehus, svampkast og flaskerakett. Bålpanne med pinnebrød og servering av kaffi og kaker var også populært.

Mange møtte, og det blei ein flott føremiddag for små og store.



# Julemagi

***Julekonsert i Nedstrand kyrkje***

**Nedstrand kyrkje tirsdag 13. desember kl 19.00**

**I fjor fikk mange i Nedstrand en flott konsertopplevelse med Amelie og Erik Aldner. Vi er glade for at de også i år legger en av konsertene til Nedstrand.**

Med sjelfull sang og inntagende saksofonspill tar artistene oss med på en fantastisk reise gjennom vakre juleklassikere fra gammelt og nytt. Norske, svenske og amerikanske sanger står på programmet inkludert musikk komponert av Amelie Aldner selv. Vi får en stund med fred, glede og en ekte dose Julemagi!

Amelie og Erik Aldner er begge utdannet ved Norges Musikk-høgskole og har hver for seg gjort karriere internasjonalt. Erik er saksofonist med erfaring i så godt som alle genrer i tillegg til å være dirigent.

